

Østfoldmål

MEDLEMSBLAD FOR
ØSTFOLD MÅLLAG
NR. 3 - 2016
28. ÅRGANG

Ei viktig støtte for laget:

Bestill Aust i Vika 2016!

I enda eit år med medlemsrekord i Østfold Mållag (nærmar seg 140), er vi klare med tilbod på den tradisjonelle juleboka.

Som vanleg tar boka opp språklege, historiske og litterære tema med glimt frå både inn- og utland.

Her er ei kort oppsummering av forfattarane og artiklane i år:

Ragnhild Lier skriv om problemet med at engelske ord stadig ser ut til å ta over for norske.

Vegard Storsul Opdahl har laga ein liten grammatikk der han samanliknar tradisjonell "Oslo Aust"-dialekt med nynorsk. Til denne grammatikken har Hans Rasmus Glomsrud og Magne Aasbrenn lagt til bøyingsformer frå ytre og indre Østfold.

Andrea Rygg Nøttveit har skrive om kvelden da målrørsla sette om Fredriksstad Blad til nynorsk til festivalen "Hællæ nynorsk!"


Magne Aasbrenn har skrive ein lengre artikkel om historia til målrørsla i Østfold frå Ivar Aasen sette fot her i 1853 og fram til den hendingsrike hausten 2016.

Ingunn Saur Modahl skriv eit essay om kva som skjedde da slektningar frå Texas kom på besøk til heimtraktene hennar i Nordmøre.

Eldbjørg Willassen har attforteljingar av morosame stubbar frå Sarpsborg.

Øyvind Bremer Karlsen supplerer med stubbar frå Indre Østfold og har ei novelle i ein røff tone frå industrimiljø i Askim.

Rune Østhagen har skrive ei novelle frå eit miljø i Østerdalen.



Framsidedfoto: Randi Larsen

Morten Tuttoren bidrar med diktet "Helgefre"

SLIK BESTILLER

DU BOKA:

**Bestill årbok/årbøker
på tlf/sms 97970065
eller frå ostfoldmallag@gmail.com**

**Pris kr. 120,- per bok
(med porto inkludert)**

**Kr. 100,- per bok m. porto om du tingar
5 eller fleire.**

**Vi må ha bestillinga seinast fredag 9.
desember om du vil ha levering før jul!**